

**– Det er godt å vita at støtta vår er konkret, og kjem medmenneske til gode, seier Jens Aas-Hansen i Kirkens Nødhjelp.
Vi står midt i den kyrkjelege fastetida og folk i Kvinnherad kan sjå tilbake på fleire tiårs engasjement for fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.**

Ei fersk oppteljing viser at det er samla inn meir enn 1,3 millionar kroner dei siste 15 åra i kyrkjesokna Husnes og Holmedal, Uskedal, Kvinnherad, Ænes, Hatlestrand, Ølve, Varaldsøy, Åkra og Fjelberg og Eid.

– Dei fleste har eit forhold til den fiolette fastebøssa. Fastebøssa er eit symbol på nestekjærleik. I tillegg er den eit symbol på konkret forandring, seier Aas-Hansen.

Pengane folk Kvinnherad dei siste femten åra har gitt tilsvarer sikker tilgang på vatn for meir enn 6700 menneske i Etiopia.

– Dette er i grunnen veldig enkelt. Utan vatn kan vi ikkje leva. Det gjeld både for menneske og natur. Derfor er det bra å vita at Kirkens Nødhjelp har sett opp eit stort antal vasskjelder i dei landa der vi arbeider, seier Aas-Hansen.

– Folk i Kvinnherad kan vera stolte av det dei har ytt. Men i følge FN manglar framleis 884 millionar menneske sikker tilgang på vatn. Dette vil vi vera med og gjera noko med. I år har vi eit mål om å samla inn endå meir enn vi gjorde i fjor, og vi vonar folk i distriktet blir med på dugnaden, oppmodar Aas-Hansen.

Tysdag 19. mars går 40.000 bøsseberarar frå alle lokalsamfunn over heile landet frå dør til dør for å visa solidaritet med dei som treng det alle mest.

Naudhjelp til Syria

I det borgarkrigsherja Syria er situasjonen no desperat og 40 000 menneske flyktar frå landet kvar veke. Kirkens Nødhjelp sende like før jul inn 83 tonn med vatn- og sanitærutstyr, telt, madrasser, teppe og hygieneartiklar frå beredskapslager i fleire land, i eit forsøk på å hjelpe dei mest trengjande i vinterkulda.

Kontaktpersonar for KN i Sunnhordland:

Åse Selsvold, tlf. 45605184

Magne Fitjar, tlf. 95786240

Biletet over:

Benyam Beremu nyt eit glas kaldt, reint vatn frå brunnen som vart bygd i landsbyen hans med støtte frå Kirkens Nødhjelp.